

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



Møtedato: Tysdag 4.6.2013
Stad: Ål, Thon Hotel Hallingdal

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune
Tony Kjøl, Høl kommune
Ivar Brevik, Ål kommune
Hallvor Lilleslett, Gol kommune
Tor Magnussen, Nes kommune
Tor Egil Buøen, Flå kommune

- Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar
 - Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Anne Sandum og regionkontakt Tore Gilhuus.
 - Rådmannsutvalet deltok i sak 11
-

SAK 09/13 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 22.2.2013 OG 21.3 - 22.3.2013

Vedtak

Tony Kjøl etterlyste oppdatert heimeside med protokollar, innkalling og saker. Det er viktig at dette blir lagt ut på heimeside til Regionrådet snarast råd. Møteprotokoll for møte 22.2.2013 og 21.3 - 22.3.2013 vart vedteke.

SAK 11/13 STATUS LOKALMEDISINSKE TENESTER I HALLINGDAL, DRØFTING

I saka deltok prosjektleiarane for Hallingdal lokalmedisinske tenester, Reidar Aasheim og Ellen Wibe, prosjektleiar Sissel Skrindo prosjekt Ål helsetun og kommunalsjef i Ål kommune Karsten Dideriksen.

- Reidar Aasheim og Ellen Wibe orienterte om arbeidet med Hallingdal lokalmedisinske tenester, i forhold til pågåande prosjekt inklusive intermedier avdeling.
- Regionrådet gjekk gjennom intensjonsavtale.
- Sissel Skrindo orienterte om framdrift i byggeprosjektet Ål helsetun (vedlagt presentasjon).

Orienteringar vart teke til etterretning og arbeid med planlegging held fram i tråd med vedteken intensjonsavtale.

Oppdatert informasjon om prosjektet Hallingdal lokalmedisinske tenester kan hentast på: www.hallinghelse.no

SAK 12/13 NY GIV, DRØFTING

Helga Søland i Ny GIV og Reidunn Stein frå Oppfølgingstenesta orienterte om prosjektet Ny GIV (vedlagt presentasjon). Ny GIV er eit treårig prosjekt som har som mål å få fleire ungdommar til å fullføre og bestå vidaregåande opplæring. Eit viktig grep for å lykkast med dette er å etablere eit varig samarbeid mellom stat, fylkeskommunar og kommunar.

Det er ønskeleg å ha med kommunane/regionen i det vidare arbeidet, noko det vart signalisert at Regionrådet stiller seg bak.

Sjå og:

- [Ny GIV](#)
- [Rapport Kostnader av frafall i veidergående opplæring](#)
- [Gjennomføringsbarometeret 2013:1](#)
- [Kunnskapsskolen i Buskerud](#)

SAK 13/13 EVALUERING PARTNARSKAPSAVTALE MED BUSKERUD FYLKESKOMMUNE

Sigurd Fjose, assisterande utviklingssjef i Buskerud fylkeskommune, orienterte om arbeidet med evaluering av partnerskapsavtale med Buskerud fylkeskommune og prosessen vidare (vedlagt presentasjon)

SAK 14/13 SØKNAD EKTA VARE

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 60.000 til kultur- og reiselivstreff Hallingdal 2013 – Ekta Vare.
2. Regionrådet for Hallingdal rår til at tilskotet blir løyvd frå partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2013.

SAK 15-13 SØKNAD OM ØKONOMISK STØTTE TIL NM I SAUEKLIPPING 2013

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal og regionkontakt av slo søknad frå Gol Sau og Geit, om tilskot i samband med NM i saueklipping 2013, med 5 mot to røyster.

SAK 16/13 STATUS VIKTIGE SAMFERDSELSPROSJEKT FOR HALLINGDAL, VEGEN VIDARE

Regionrådet drøfta viktige samferdselsprosjekt for Hallingdal og avklaring av rollar.

SAK 17/13 EVENTUELT

Sykkelvegprosjekt

Hallingdal Reiseliv ynskjer at Regionrådet for Hallingdal deltek med representant i arbeidegruppe sykkelprosjekt. Hallvor Lilleslett tek på seg denne oppgåva.

Mobildekning

Ivar Brevik tok opp spørsmålet om manglande mobildekning fleire stader i Hallingdal og om dette kan takast opp som ei regional sak. Dagleg leiar avklar aktuelle måtar å arbeide vidare med denne saka, til neste møre i Regionrådet.

Hallingtinget

Hallingtinget hausten 2013 er planlagt til veke 43. Dagleg leiar avklarar aktuelt tidspunkt for event. 2-dagars samling.

Ål 4.6.2013

for rådsordfører
Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg:

- Sak 11-13: Presentasjon byggeprosjektet Ål helsetun ved Sissel Skrindo
- Sak 12-13: Presentasjon Ny GIV
- Sak 13-13: Presentasjon Evaluering partnerskapsavtale med Buskerud fylkeskommune